



Rolf-Inge Gjerstad  
Skytterveien 18  
5035 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/2676 - 14/20480

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
09.09.2014

## Søknad om løyve til tiltak - garasje på gbnr 231/74 Bjørsvik - trong for tilleggsdokumentasjon.

Kommunen viser til søknad om løyve til oppføring av garasje på gbnr 231/74. Vi beklagar at det vert gitt sein tilbakemelding i saka.

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4.

### Dispensasjon:

Plan- og miljøutvalet gav i møte 12.12.2012 dispensasjon frå arealføremålet i kommuneplanen for frådeling av areal til bustad og garasje. Omsøkte garasje har ikkje eit uttrykk som gjenspeilar bruken av bygget som garasje knytt til fritidsbustad/einebustad. Før kommunen kan vurdere om oppføring av garasje, slik omsøkt, er omfatta av den gitte dispensasjonen må det gjerast greie for bruken av bygget. Dette gjeld både hovudplan og loftsplan.

### Situasjonsplan og teikningar

Situasjonsplanen skal visa bygget sine ytre hovudmål, avstand til offentleg veg og avstand til nabogrense. Eigedomen grensar inntil offentleg veg. Dersom tiltaket ligg innanfor byggjegrensa på 15 m frå midt veg, må det søkjast om dispensasjon frå denne.

Dersom avstand til naboeigedomen er mindre enn 4 m må det leggjast fram erklæring med løyve til omsøkte plassering frå heimelshavar eller det må søkjast om dispensasjon frå avstandsreglane i plan- og bygningslova § 29-4.

Det må sendast inn planteikning over loftsetasjen. Planteikningane må visa eventuell tilkomst mellom etasjane.

Bygget si høgdeplassering må gå fram av teikningane.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn innan 15.10.2014. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka vert arkivert utan vidare handsaming.



Med helsing

Siril Therese Sylta  
konst. fagleiar

Anne Lise Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Rolf-Inge Gjerstad

Skytterveien 18 5035

BERGEN